Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12. Fylke: Troms

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Bardu

Emne: Gamal engkultur. Bygdelag: Øvre Bardu

Oppskr. av: agr. Jon Lunde, Gard:

(adresse): John Egg Bardu Egg Bardu. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Vi gjör merksam på at ordet eng (inkjekjönn) og vart nytta om særskilde utslåtter i utmarka. Ordet eng (hokjönn) var ikkje nettopp så mykje nytta om vanleg dyrka innmark i kring husa. Denne vart kalla for (heim-)jordet. Ordet utslåtter eller skogslått, som dei og vart kalla, har same meininga i vårt målföre som nemnt i spörjelista. Ordet ekre vart bruka om engstykker. Ordet attlete må svare til vårt attlegg eller gjenlegg.

Höyet frå jordet vart kalla franhöy, og höyet frå utslåttene skoghöy. Andre nemningar vet vi ikkje om.

2. Om våren vart utslåttene rydja for törrkvist og anna rusk som hadde samla seg i löpet av vinteren. Dette arbeid var kalla rö slått eller slåtteröing, og vart gjort om våren så fort snöen gjekk av. Kvistene vart lagde saman i dunger som ein kalla vålå. Disse vålåene let ein enten rotna, eller ein brende dei etter som det hövde. I einskilde höve vart oska spredd. På jordet (enga) vart steiner rydja bort.

3203

3. Eng som vart for mykje mosevaksen, pløydde ein. Ein breidde då gjerne husdyrgjødsla på vollen før pløyinga, for ein meinte at dette skulle tyne mosen. Vi kjenner ikkje til at det har vore bruka anna grasfrø enn sånt som vart sopa saman på låvegolvet, melle frå trøskinga o.l. Dette vart sådd på isbrende flekker i eng og raka ned med rive. Attlegget let ein grasbeta seg sjølv.

4. Vi veit ikkje om at det i eldre tid vart gjort noko anna enn gravd veiter for å leida bort overflatevatn frå myr og vass-sjuk jord. Vatning har ikkje vore i bruk her.

5. Bare jordet (enga) vart gjødsla - utslåttene aldri. Helst nytta ein sumargjødsla til enggjødsling, men der denne ikkje strakk til bruka ein vintergjødsel attåt. Det var vanleg å rekna ei viss mengd med lass for kvart engstykke.

6. Eng som vart gjødsla med husdyrgjødsel, kalla ein framjordet, og høyet frå sånn eng var framhøy.

7. Det som er nemnt her, har ikkje vore vanleg på våre kanter.

8. Enga vart helst gjødsla i regnver om høsten, og reidskapane var dei same som ved åkergjødsling. Gjødsla vart køyrd ut med bikkvogn (~~[illegible]~~ ~~[illegible]~~vogn) og spreidd med spade. Før dei fabrikksmidde gjødselgreip kom i bruk i kring 1880, hadde dei heimsmidde greip med flate tinder. For å smuldre gjødsla køyrde dei rissloa. Denne var laga av ein plankebete på lag 1 m. I denne var det boret hol, og i disse var det satt fast bjørkebusker, om lag 2 m lange.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Denne risslóa har vore i bruk like fram til våre dagar.

9. Om hósten har alltid husdyra beita på jordet og i utslåttene. Det har vore mindre vanleg med vårbeiting. Dette siste vart i tilfelle gjort på grunn av skort på høy til innføring. Ein meinte at vårbeiting var uheldig for enga. Det var visstnok ikkje noko engstykke som ikkje vart beita.

10. Ein må vel seia at engbeitinga går for seg på same måten no og, men enga blir vel neppe så snaugnaga no som i gamle dagar. Vårbeiting av kyr er det no slutt med.

11. Gjódsla (mókkerna) som beitedyra la att etter seg ute på jordet, vart jamna utover. Dette arbeid gjorde ein helst om våren, og reiskapen ein bruka likna ei klubbe. Det var eit bordstykke, om lag 30 cm langt, med hakk i nedre kanten (som på ei sag) og hol i midten for skaftet. Vi kjenner til at det vart bruka river av tre med haved av jern til nemnte arbeid. Ei sånn rive kalla ein <u>harke</u>. Andre reiskaper veit vi ikkje om.

12. Når krótera gjekk ute på vanleg beitemark, overnatta dei i innhegningar eller <u>grinder</u>, som dei her vart kalla. Seinere i tida vart det meir og meir vanleg med sumarfjós. Gjótsla vart spreidd utover om hósten.

13. Grindene, som beitedyra vart stengde inne i, var flyttbare. Når kyrne skulle mjólkast, vart dei jaga inn i grindene, og der heldt dei til natta over. Grindene

3203

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vart flytta når jorda var passande oppgjødsla. Då fleire grinder kunne skøytast ihop, hang det vel saman med storleiken av grindgangen og dyras antall, - men iallfall ofte vart grindene flytta kvar dag.

14. Grindene var laga av stolper med langt stapp (den tilspissa enden som vart satt ned i jorda). Gjennom stolpene var det uttappa eller utbora hol for dei 2 til 3 m lange rajer. For at disse ikkje skulle gli ut var det satt trenagler gjennom dem på yttersida av stolpen. Heile framgangsmåten kalla ein å grindgå (enga). Grindene vart bruka både på eng og i utslåtter. I utslåttene var grindgangen som en slags forløper å rekne for vanleg oppdyrking. Gjødsla vart smuldra når grindene vart flytta. Grindgangen både for kyr og sauer er det no heilt slutt med.

15. Vakta ved grindene var buhunden.

16. I einskilde høve dvs. når dei visste det var fare på ferde, lå det også folk på vakt ved grindene. Dei heldt da til i flyttbare vakthus på hjul eller meiar.

17. Vi veit ikkje om sauefjøs utan golv som stod på hjul.

18. Vi veit heller ikkje noko om at hjuringen fekk mat når han kom med buskapen til grindene.

19. Av dei orda som her er nemnt, kjenner vi til desse to: kve (kalvkvea) og trø. Ordet trøa (trøen) er i fleire høve bruka som ending i namn på gårder.

3203

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

20. Dei hadde slåttemark på setra, men <u>setervangen</u> var ikkje inngjerda, da det alltid fulgte gjeter med dyra. Setervangen vart gjødsla med gjødsel fra seterfjøset. Seterslåtten er no heilt gått av bruk, av di folk tykkjer det er for tungvint.

21. Vi trur neppe at enga vart gjødsla med anna enn husdyrgjødsel. Nako slag avfall fra sjøen vart det sjølsagt ikkje tale om, da bygda ligger inne i landet.

3203
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING